



Fjord
kommune

Levekårsplan

2026 - 2035



Levekårsplanen - kort fortalt

Levekårsplanen er ein plan som erstattar fleire fagspesifikke temaplanar, og som peikar på dei langsiktige grepa. Kommunen ønskjer å sikre heilskapen av tenestetilbodet gjennom livsløpet.

Levekårsplanen er ein temaplan som bygg vidare på samfunnsdelen. Målsettinga er å sikre meir heilskap i tenesteytinga. Intensjonen er også at det skal bli enklare å målstyre innsats og resultat.

Ein plan som går på tvers av sektorane gir større mulegheit for å arbeide tverrfagleg, sjå nye mulegheiter og løyse utfordringar i fellesskap. Det skal utviklast felles forståing og retning i det førebyggjande og helsefremmande arbeidet for løyse levekårsutfordringar i kommunen, men også legge til rette for gode levekår for alle innbyggjarane.

Med dei store utfordringane kommunen vil møte framover er det viktig å avklare forventningar og skape felles forståing både internt og ut i lokalsamfunnet. Dette krev god involvering og samhandling både i planprosessen, og når tiltak skal settast ut i livet.

Kommunen ønskjer å arbeide meir systematisk gjennom planarbeid.



Levekårsplanen - kort fortalt

Planen pekar ut ei strategisk retning der førebygging blir eit hovudtema.

Livsløptrappa er verktøyet som blir mest styrande framover.

Budsjett og økonomiplan skal vere handlingsdelen til levekårsplanen på kort og mellomlang sikt. Der blir prioriterte tiltak konkretiserte og følgde opp innanfor kommunen sine økonomiske rammer.

Tiltaka som står i sjølve levekårsplanen, pekar på dei langsiktige grepa og den overordna retninga for arbeidet.



Mål

Eit trygt og inkluderande lokalsamfunn der tenestene til innbyggjarane heng saman gjennom heile livet



Tett på det som betyr noko

FJORD

Livskraftig, skapande, nær, raus og berekraftig

Tett på det som betyr noko – saman inn i framtida

Utfordringsbilde

Stikkord er fleire eldre, færre arbeidsdyktige, fleire som har behov for tenester, kostnadskrevjande drift og dårlegare kommuneøkonomi. Dette resulterer i eit stort forventningsgap mellom forventningar frå innbyggjarane til kva som er muleg framover med tilgjengelege ressursar.

Føringar og rammer

Både Helse- og omsorgstenestelova og Folkehelselova stiller tydlege krav til heilskaplege, koordinerte og individuelt tilpassa tenester.

Kommuneplanen sin samfunnsdel, som er det overordna styringsdokumentet for kommunen har desse hovudmåla:

1. Vidareutvikle det gode livet
2. Arbeide saman om balansert forvaltning og utvikling av naturen
3. Gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk
4. Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester

Levekårsplanen bygg i hovudsak på hovudmål 1 og 4.

Heilskapstenking og samskaping

Levekårsplanen er ein ny type plan som ser heile livsløpet og tenestene i samanheng. Planen er eit steg i forenkling av planhierarkiet, og erstattar ei rekkje tradisjonelle temaplanar.

Planen skal gi større mulegheit for å arbeide på tvers av sektorar, fange opp samhengane mellom berekraftsmål og løyse utfordringar i fellesskap. Planen skal også gjere det enklare å målstyre innsats og resultat.

Planen legg vekt på førebygging og tidleg hjelp. Livsløptrappa skal bidra til at kommunen gir målretta og samhengande tenester frå barndom til alderdom. Vi må alle bidra til at flest muleg klarer seg lengst muleg, slik at ressursane kan brukast på dei med størst hjelpebehov.

Det skal vere tett samhandling med frivillige og næringslivet slik at vi i fellesskap kan vidareutvikle Fjord kommune som ein attraktiv bu- og arbeidskommune.

Fjord kommune må drive aktiv tenesteutvikling og etablere ny praksis for å klare å møte eit krevjande utfordringsbilde.

Arbeide saman for eit godt lokalsamfunn og gode levekår

Samskaping

Utvikling av gode levekår krev god kommunal samhandling på tvers av sektorar. Det krev også at heile lokalsamfunnet tek medansvar. Dette gjeld like mykje for dei som arbeider i kommunen som for lokalt næringsliv, det frivillige arbeidet i lag og foreiningar og kvar enkelt innbyggjar. «Fjord i framtida» vert skapt i samarbeid mellom desse.

Samskaping skjer når kommunen i lag med ein eller fleire partar inngår i eit likeverdig samarbeid for å avdekke utfordringar, forme og gjennomføre nye og betre løysingar. Kommunen si oppgåve er å legge til rette for at samskaping kan skje.

Frivillig sektor er kanskje den viktigaste medspelaren til gode levekår for innbyggjarane. Ein frivilligstrategi skal legge rammene for god samhandling.

Næringslivet har også mykje å seie for opplevd livskvalitet. Eit robust, inkluderande og mangfaldig næringsliv der det er plass til alle, gir lav arbeidsløyse og lågare sjukefråvær.

Medverknad

Alle skal få høve til å delta i utviklinga av Fjord-samfunnet. Gjennom ulike areanaer skal vi sikre brei medverknad i endrings- og planprosessar.

Medverknad og dialog styrker lokaldemokratiet, vi får betre avgjerder, betre tenester og det er ein viktig del av samskappingsprinsippet.

Gjennom deltaking vil behov og ønskje bli synlege, og kreativitet, engasjement og fellesskapskjensle bli styrka.



Livsløpstrappa i Fjord



Tett på det som betyr noko

Om kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er Fjord kommune sitt overordna styringsdokument og inneheld dei langsiktige hovudmåla for kommunen både som samfunn og som organisasjon.

Visjonen «Gode vekstvilkår» peikar på fleire kvalitetar som vi ønskjer skal prege kommunen vår:

livskraftig – skapande – nær – raus – berekraftig

Kommuneplanen sin samfunnsdel har fire overordna mål, og to av dei har særleg relevans for arbeidet med livsløpstrappa.

Hovudmål 1 – Vidareutvikle det gode livet

Vi legg vekt på eit trygt og godt oppvekstmiljø, godt samhald og gode møteplassar, variert kulturliv og stabilt folketal.

Hovudmål 4 – Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester

I Fjord kommune skapar vi framtida i fellesskap, vi er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar, vi har gode og målretta tenester med rett kvalitet og omfang og vi vil vere klimakloke og miljøbevisste.

Vi skapar framtida i fellesskap

Stram økonomi, press på tenestene og negativ demografisk utvikling krev endring og omstilling, men gir oss også høve til å utvikle nye og betre tenester og samarbeid. Viktige stikkord for arbeidet framover er eit meir målretta tenestetilbod, auka fokus på førebygging, samlokalisering, samskaping og god dialog med innbyggerane.

Vi må arbeide helsefremjande og bygge positive ressursar for god helse gjennom meistring, trivsel og livskvalitet. Slik kan vi utsetje, og kanskje unngå, bruk av ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.

Kva vil vi med livsløpstrappa

Vi skal bli betre på heilskapstenking og målretta tiltak. Livsløpstrappa er eit viktig element i dette, og målsetjinga med trappa er å

- sjå samanhengar og heilskap i tenesteutvikling og omstilling
- avklare forventningar – både til deg som innbyggjar og til korleis kommunen kan yte tenester i framtida
- skape eigarskap og aksept for nødvendige endringar hos både politikarar, innbyggjarar og tilsette

For å få til dette treng vi ei felles forståing for utfordringsbildet. Det er viktig med dialog og god informasjon tilpassa ulike målgrupper slik at vi kan finne løysingane i lag.

TRINN 1 //

Førebygging – trinnet for folk flest



Du som innbyggjar kan vente at kommunen

- tilbyr helsefremjande tilbod og aktivitetar og gir faglege råd om korleis du kan ta vare på di eiga helse
- legg til rette for ein sunn, trygg og utviklande oppvekst
- arbeider aktivt med tidleg innsats for å hindre uhelse og utanforskap
- samarbeider med innbyggjarane om å utvikle gode og trygge møteplassar – både innandørs og utandørs
- samarbeider med frivilligheita og andre om helsefremjande tiltak
- sikrar at tenester og tilbod er tilgjengelege og inkluderande
- set fokus på bustadutvikling og transporttilbod

Kommunen forventar at du som innbyggjar

- tek ansvar for eiga helse og eigen livssituasjon så langt det er mogleg
- er tidleg ute med å søke hjelp om det oppstår behov for det, og gir relevant informasjon til dei som skal hjelpe
- deltek i helsefremjande aktivitetar for fysisk og psykisk helse
- følgjer råd og anbefalingar som vert gitt for å førebygge problem
- viser omsorg for familie og vener og menneske i nærmiljøet ditt
- deltek i lokalsamfunnet og medverkar der du kan til eit godt og inkluderande fellesskap
- tenkjer på tilrettelegging av eigen bustad for framtida

Eigenmeistring – når du treng rettleiing



Du som innbyggjar kan vente at kommunen

- samarbeider tverrfagleg om oppfølging for personar i alle aldersgrupper
- arbeider systematisk med samhandlingsmodellen BTI (Betre Tverrfagleg Innsats) for barn og unge
- sikrar at personar med ulike utfordringar blir verdsett og er ein del av fellesskapet
- gjer tilpassingar for å utsetje behov for meir omfattande tiltak
- informerer aktivt om økonomiske støtteordningar for bustad og arbeider for ein variert, lokal bustadmarknad
- tilbyr eit lågterskel kontaktpunkt for frivillig aktivitet og innbyggjarar

Kommunen forventar at du som innbyggjar

- tek vare på eiga fysisk og psykisk helse
- bidreg med dine evner og ressursar og bryr deg om medmenneska dine
- tek i bruk teknologi og anna som forenkler kvardagen om det trengs
- deltek i meningsfylte aktivitetar
- følgjer anbefalingar frå helsepersonell
- tenkjer over kva du kan gjere for å tilpasse eigen bustadsituasjon for framtida

Tilrettelegging – når du treng ekstra støtte



Du som innbyggjar kan vente at kommunen

- rettleiar ved behov og legg praktisk til rette for ein god kvardag
- tilbyr tenester og løysingar tilpassa den enkelte
- tilbyr velferdsteknologi som del av tenestetilbodet
- samarbeider med næringsliv, frivillige og privatpersonar om lågterskeltilbod og støtte i kvardagen
- arbeider tverrfagleg for å skape tiltak og aktivitet mellom generasjonar
- gir tilbod om rehabilitering for å oppretthalde funksjonsnivå
- tilbyr avlastning og støtte til pårørande som står i omfattande omsorgsoppgåver over tid
- sikrar tilgang til ulike buformer som er tilpassa behova dine

Kommunen forventar at du som innbyggjar

- gir relevant informasjon om utfordringar og behov som du har
- samarbeider aktivt i planlegging og oppfølging av tiltak
- bryr deg om andre, og hjelper der du ser det trengst ei hand
- vurderer framtidfullmakt
- gir tilbakemelding om kva som fungerer og kva som ikkje fungerer
- tek ansvar for eiga helse så langt som råd

Spesialisert hjelp – når du treng meir enn støtte



Du som innbyggjar kan vente at kommunen

- kartlegg grundig og vurderer kva tenester du treng
- tilbyr fagleg kvalifisert og tilpassa hjelp og støtte
- sikrar trygge og verdige tenester
- informerer deg og eventuelt pårørande om tiltak undervegs
- lagar individuelle planar når det trengs
- tilpassar tenester slik du får best mogleg livskvalitet

Kommunen forventar at du som innbyggjar

- gir ærlege og utfyllande opplysningar om situasjonen din
- samarbeider tett med tilsette og følgjer opp individuelle planar
- respekterer reglar og rutinar ved institusjonen eller tenesta
- deltek i møte og samtalar og gir tilbakemelding når det trengs
- tek ansvar for eiga helse så langt det er mogleg

Langsiktige grep i livsløpstrappa

For å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling fram mot 2035 må kommunen prioritere langsiktige grep på alle trinn i livsløpstrappa. Målet er at fleire innbyggjarar skal kunne klare seg godt på dei lågaste trinna lengst mogleg, samstundes som kommunen sikrar gode og forsvarlege tenester til dei som treng mest hjelp. Arbeidet må byggje på heilskapleg forståing, tidleg innsats, god forankring og tydelege prioriteringar.

Tverrgåande føringar

På tvers av alle trinna i livsløpstrappa må det haldast fast ved ein heilskapleg og tverrsektoriell arbeidsmåte. God samhandling mellom politikk og administrasjon, brei involvering av dei ulike politiske råda, tillitsvalde, frivilligheit og innbyggjarar, og tydeleg kopling mellom plan, budsjett og gjennomføring vil vere avgjerande. Kommunen må arbeide langsiktig, systematisk og med vilje til å prioritere.



Langsiktige grep i livsløpstrappa

Trinn 1 – Førebygging

Kommunen må styrkje det førebyggjande arbeidet gjennom heile livsløpet - tidleg innsats i oppvekst, skule og helse, styrking av psykisk helse og livsmeistring, og tiltak som fremjar inkludering, deltaking og trivsel. Arbeidet med MOT og andre førebyggjande tiltak bør vidareførast og utviklast. Det må arbeidast med fleire sosiale møteplassar og lågterskeltilbod for alle aldersgrupper. Frivilligheit, kultur og idrett må sjåast som viktige ressursar i det førebyggjande arbeidet. Tydeleg informasjon og forventningsavklaring overfor innbyggjarane vil vere viktig for å skape forståing for ansvar, moglegheiter og nødvendige omstillingar.

Trinn 2 – Eigenmeistring

Kommunen må leggje til rette for at fleire innbyggjarar kan meistre kvardagen og klare seg sjølve lengst mogleg. Dette krev tidleg rettleiing, rask respons når behov oppstår, og god informasjon om kva støtte og løysingar som finst. Arbeidet med eigenmeistring handlar både om haldningar, ansvar og praktiske føresetnader. Innbyggjarane må få støtte til å ta gode val tidleg, mellom anna knytt til bustad, helsevanar og bruk av hjelpemiddel. Kommunen bør styrkje informasjon om bustadtilpassing, helseteknologi, hjelpemiddel og aktuelle støtteordningar. Frivilligheit og sosiale nettverk spelar ei viktig rolle i å støtte opp under meistring, deltaking og tryggleik i kvardagen.




Langsiktige grep i livsløpstrappa

Trinn 3 – Tilrettelegging

For å gjere det mogleg for fleire å bu heime lengre, må kommunen utvikle gode løysingar for tilrettelegging. Det må leggast til rette for fleire aldersvenlege og tilpassa bustader, både i sentrumsnære område og i bygdene der det er naturleg. Det må òg vere tilgjengelege bustader for ungdom og arbeidstakarar. Heimetenestene må vere godt organiserte og ha tilgang til rett kompetanse, og innbyggjarane må få rask og god hjelp når behov oppstår. Helseteknologi bør takast i bruk der dette kan styrkje tryggleik, meistring og effektiv ressursbruk. Transport og mobilitet er ein viktig føresetnad for deltaking og for å kunne bu heime lengre, og må difor inngå i det vidare arbeidet.

Trinn 4 – Spesialisert hjelp

Kommunen må planleggje for framtidige behov for spesialisert hjelp. Det vil vere behov for gode og berekraftige løysingar innan institusjon, omsorgsbustader og spesialiserte tenester. Framtidig sjukeheims-struktur må vurderast, inkludert moglegheita for nytt sjukeheimstilbod og meir moderne lokale. Samlokalisering av tenester og interkommunalt samarbeid må vurderast der dette kan gi betre fagmiljø, meir robust drift og betre tilgang til spesialisert kompetanse. Rekruttering, kompetanseutvikling og attraktive arbeidsplassar vil vere avgjerande for å lukkast. Investeringar og strukturelle grep må sjåast i samheng med økonomi, bemanning og langsiktig berekraft.



Langsiktige grep



Førebygging

- Styrke tidleg innsats og førebyggjande arbeid
- Skape feire møteplassar og aktivitet
- Bruke frivilligheita som førebyggjande kraft
- Tydleg informasjon og forventningsavklaring
- Stryke attraktivitet og samfunnsutvikling



Eigenmeistring

- Styrke innbyggarane si evne til å klare seg sjølve
- Arbeide med haldningar og ansvar
- Legge til rette for gode bustadval tidleg
- God informasjon om hjelpemiddel og ordningar som finst
- Bruke frivilligheit og nettverk som støtte
- Praktiske støttetiltak (vaktmeistertjenester, god kommunikasjon, transporttilbod)

